

**KONTROLLUTVALET FOR AUSTRHEIM KOMMUNE  
MØTEUTSKRIFT**

**Møtedato:** 8. februar 2016  
**Stad:** Møterom Børilden, kommunehuset Austrheim  
**Kl.:** 12.00 – 15.45  
**Tilstade:** Solveig Hopen (leiar), Arne Kästel (nestleiar), Mariell Sundfjord Storebø (vara for Tore Austrheim) og Rolf Sandstad (medlem)  
**Innkalla:**  
**Revisjon:** Revisjonssjef Reidar Bjørsvik  
**Sekretær:** Tonje Husum Aarland  
**Forfall:** Tore Austrheim (medlem) og Bente Øksnes (medlem)

.....  
**01/16 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**Samrøystes vedtak:**

Innkalling og saksliste vart godkjent.

**02/16 Godkjenning referat frå sist møte**

**Samrøystes vedtak:**

Møteprotokollen frå 17.11.15 vart godkjent slik den ligg føre.

**03/16 Skriv og meldingar**

- Engasjementbrev – Nordhordland Revisjon IKS
- Orientering frå revisjonssjef Reidar Bjørsvik om nr. brev nr 12 – unntatt offentlegheit jf. Koml. § 78 nr 7.
- Orientering om bortlegging av straffesak – KS 149/15
- KS vedtak 83/15 – AS Austrheim Næringssselskap si forskotsutbetaling
- Utsatt orientering frå ordførar – jf. e-post
- Melding til kontrollutvalget Austrheim kommune – vedr. sak 03/16 – epost fra ordførar (vart utdelt i møtet, skal vedlegges møteprotokoll)

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.

**04/16 Orientering frå rådmannen**

Saksvedlegg: E-post frå rådmannen, utdelt i møtet (leggas ved møteprotokollen)  
Rådmann Jan Olav Osen har meldt i frå til sekretariatet at han ønskjer å halde orienteringa samtidig som ordførar er tilstade.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek meldinga til orientering. Rådmann og ordfører sine roller i forhold til kontrollutvalet er ulike, og dersom kontrollutvalet må vente til begge har anledning til å stille saman, kan dette dra ut lengde. Kontrollutvalet ber om at møtet med utvalet vert prioritert.

#### **05/16 Revisor sin uavhengighet**

Saksvedlegg: «Vurdering av oppdragsansvarleg revisors uavhengighet i forhold til AUSTRHEIM kommune, regnskapsåret 2015», dokument frå revisjonen 27.01.2016.

I følge §15 i forskrift om revisjon skal revisjonen kvart år legge fram ein eigenvurdering av uavhengighet til kontrollutvalet.

#### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet har ingen merknad til revisors uavhengighet.

#### **06/16 Kontrollutvalet – ansvar, oppgåver og organisering**

Saksvedlegg: «Kontrollutvalet Austrheim kommune - ansvar, oppgåver og organisering», notat frå sekretariatet – utkast delt ut i møtet.

Det føreligg eit forslag til eit dokument for kontrollutvalet om ansvar, oppgåver og organisering.

#### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vedtek grunnlagsdokumentet «Kontrollutvalet Austrheim kommune – ansvar, oppgåver og organisering».

Kontrollutvalet ønskjer eit drøftingsmøte med kommunestyret med tema rolleforståing og tillit til kontrollutvalsarbeidet og revisjonsarbeidet i Austrheim kommune.

#### **Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak i kommunestyret:**

Kommunestyret vedtek grunnlagsdokumentet «Kontrollutvalet Austrheim kommune – ansvar, oppgåver og organisering».

Kommunestyret ønskjer eit drøftingsmøte med kontrollutvalet med tema rolleforståing og tillit til kontrollutvalsarbeidet og revisjonsarbeidet i Austrheim kommune.

#### **07/16 Plan forvaltningsrevisjon**

Saksvedlegg: Overordna analyse, grunnlagsdokument for plan for forvaltningsrevisjon januar 2016

I følge kommuneloven § 77 pkt. 4 skal det gjennomførast forvaltningsrevisjon. I forskrift om kontrollutval står det i §10 at kontrollutvalet skal utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon som kommunestyret vedtek. Kommunestyret kan gi fullmakt til kontrollutvalet å foreta endringar i planperioden.

Kontrollutvalet har fått tilsendt ein overordna analyse for kommunen, med forslag til aktuelle område for forvaltningsrevisjon. Ut i frå dagens ressursituasjon, vert det

antyda at kontrollutvalet kan prioritere 4 Område for forvaltningsrevisjon i kommunestyreperioden.

Med bakgrunn i denne analysen var der følgjande forslag til område som kunne vere aktuelle for forvaltningsrevisjon i denne kommunestyreperioden:

- Vedtaksoppfølging – har kommunen system som sikrar at vedtak vert følgt opp?
- Status for kommunale planar – vurdering av prosess og måloppnåing
- Tenestetilbod til barn og unge med særskilte behov
- Kommunen som skuleeigar
- Skulefritidsordning (SFO) – ressursbruk, omfang og kvalitet på tenesta
- KOSTRA – kvalitet på rapporteringa frå kommunen
- Miljøplanlegging i kommunen
- Økonomistyring (er sett på i perioden 2003 – 2007)
- Investeringsprosjekt – organisering, ansvar, prosjektstyring
- Barnehageområdet – korleis forvaltar og drifrar kommunen dette tenesteområde
- Barnevern
- Korleis sikrar kommunen at dei får del i dei aktuelle øyremerka tilskotta
- Korleis sikrar kommunen at det får inn dei salsinntektene (kan vere foreldrebetaling SFO og barnehage, vatn og avløp) som dei har krav på
- PPT og spesialundervisning
- NAV – Ressursbruk
- Vedlikehald av kommunal eigedom – organisering og ressursbruk
- Vedtaksutforming – stettar dei formkrava i lov og regelverk? Har kommunen godt nok grunnlag når vedtak vert fatta? Korleis er kvalitetssikringa?
- Arkivtenesta: rutinar og organisering

Kontrollutvalet vurderte dei ulike temaområda og gjorde ei heilskapleg prioritering.

#### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet ønskjer å prioritere følgjande område for forvaltningsrevisjon i denne kommunestyreperioden:

- Vedtaksoppfølging og vedtaksutforming – har kommunen system som sikrar at vedtak vert følgt opp? Stettar dei formkrava i lov og regelverk? Har kommunen godt nok grunnlag når vedtak vert fatta? Korleis er kvalitetssikringa?
- Økonomistyring og aktuelle øyremerka tilskott
- Arkivtenesta: rutinar og organisering
- Kommunen som skuleeigar

Kontrollutvalet ser det som naudsynt at ein kan foreta endringar i dei prioriterte prosjekta i planperioden og eventuelt komme inn med nye prosjekt dersom det er meir aktuelt. Omfanget av prosjekta vert bestemt ut i frå revisjonen sitt timetal til rådighet for forvaltningsrevisjon, denne er for Austrheim kommune estimert til ca. 900 timer i løpet av perioden.

#### **Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak i kommunestyret:**

Kommunestyret prioriterer følgjande område for forvaltningsreivisjon i denne kommunestyreperioden:

- Vedtaksoppfølging og vedtaksutforming – har kommunen system som sikrar at vedtak vert følgt opp? Stettar dei formkrava i lov og regelverk? Har kommunen godt nok grunnlag når vedtak vert fatta? Korleis er kvalitetssikringa?
- Økonomistyring og aktuelle øymerka tilskott
- Arkivtenesta: rutinar og organisering
- Kommunen som skuleeigar

Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å endre på prioriteringane og eventuelt velje andre prosjekt dersom det skulle vere meir aktuelt.

## 08/16 Møteprotokollar frå politiske utval

### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknadar.

## 09/16 Eventuelt

### a. Referat frå styremøte i AS Austrheim Næringssselskap

Saksvedlegg: Referatet vart delt ut i møtet.

### Samrøystes vedtak:

Saka vert utsett til neste møte i kontrollutvalet.

### b. Pågåande saker i kontrollutvalet frå førre periode

- Revidert byggerekneskap for vegprosjektet ved Kommunehuset
- Revidert byggerekneskap for Kystbarnehagen
- Faktura Ability
- Oppfølging av selskapskontroll - AS Austrheim Næringssselskap
- Oppfølging av faktura – Breidvik Eiendom AS (KS-vedtak 012/15)


Neste møte i kontrollutvalet er satt til måndag 25. april kl. 08.30.

Saker til neste møte:


- Årsrekneskapen og årsmelding 2015 - Austrheim kommune
- Revidert byggerekneskap for vegprosjektet ved Kommunehuset
- Revidert byggerekneskap for Kystbarnehagen
- Oppfølging av faktura – Ability

Kontrollutvalet ønsker å ha rutine på at det vert vald eit medlem i kontrollutvalet i kvart møte til å signere møteuskrifta, i tillegg til at leiar og sekretariatet signerer.

Austrheim, 08.02.2016

  
Solveig Hopen /leiar

  
Arne Kästel /medlem

  
Tonje Husum Aarland /sekretær